



## Forskrift om gebyr for tilsyn og feiling av fyringsanlegg, Kvam herad, Vestland

Heimel: Fastsett av Kvam heradsstyre **DATO** med heimel i lov 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernlova) § 28 andre ledd.

### § 1. Formål

Forskrifta skal sikra at kommunen får dekkja sine kostnadar i samband med tilsyn og feiling av fyringsanlegg i tråd med brann- og eksplosjonsvernlova § 28 andre ledd.

### § 2. Verkeområde

Forskrifta gjeld for Kvam herad.

Forskrifta gjeld gebyr for tilsyn og feiling, jf. brann- og eksplosjonsvernlova § 28 andre ledd. Gebyr skal dekkje kommunen sine utgifter til lovpålagd tilsyn og feiling av fyringsanlegg etter brann- og eksplosjonsvernlova § 11 første ledd bokstav h).

### § 3. Definisjonar

*Feiling* er reinsing av røykkanal i samsvar med krav gitt i eller i medhald av brann- og eksplosjonsvernlova.

*Tilsyn* er kontroll av feiebehov og kontroll med om fyringsanlegget er intakt, verkar slik den er meint og er tilfredsstillande sikra mot brann og annan skade.

*Fyringsanlegg* omfattar eldstad, sentralvarmekjel eller varmluftsaggregat der varme vert produsert ved forbrenning av fast, flytande eller gassformig brensel, inklusiv røykkanal og eventuelt matesystem for brensel.

*Brannførebyggjar* er ny nemning på feiar.

### § 4. Gjennomføring av tilsyn

Tilsyn omfattar kontroll av at fyringsanlegget er intakt, verkar slik den er meint og er tilfredsstillande sikra mot brann og annan skade. I tillegg omfattar tilsyn at føresegn gitt i eller i medhald av brann- og eksplosjonsvernlova vert følgt.

Kontroll av feiebehov vert gjennomført samstundes med tilsyn.

Tilsyn vert gjennomført etter behov ut frå kartlagd risiko. Intervall for tilsyn og kontroll av feiebehov vert fastsett i tråd med risikovurdering.

### § 5. Gjennomføring av feiling

Feiling vert gjennomført etter kartlagd risiko etter tilsyn og kontroll av feiebehov.

Feiling kan og bestillast av eigar av eit fyringsanlegg.



## § 6. Gebyr for tilsyn og kontroll av feiebehov

Tilsynsgebyret vert kravd inn årleg etter gjeldande gebyrregulativ. Dette gjeld uavhengig av om, korleis og når tilsyn finn stad, og uavhengig av om fyringsanlegget er i regelmessig bruk eller ikkje. Tilsynsgebyret og andre kommunale avgifter vert kravd inn samla.

Gebyrsatsen vert avgrensa til sjølvkost, og skal dekkje kommunens kostnadar knytt til tilsyn og kontroll av feiebehov.

Tilsynsgebyr vert fastsett av Kvam heradsstyre årleg. Gjeldande gebyrregulativ er tilgjengeleg på Kvam herad sine nettsider.

## § 7. Feiegebyr

Feiegebyr vert rekna ut frå timepris og tidsbruk frå ein kjem til eigedomen. Det vert teke etterhald om at det er køyrbar veg med bil til eigedomen. Dersom ein må gå eller nytta andre transportmidlar for å koma seg til eigedomen vert det fakturert for total tidsbruk frå der køyrbar veg med bil endar.

Gebyrsatsen vert avgrensa til sjølvkost, og skal dekkje kommunens kostnadar knytt til feiing.

Timepris for feiing vert fastset av Kvam heradsstyre årleg. Gjeldande gebyrregulativ er tilgjengeleg på Kvam herad sine nettsider.

Feiegebyret vert kravd inn i etterkant av gjennomført feiing. Feiegebyret og andre kommunale avgifter vert kravd inn samla. Feiegebyret vert kravd inn sjølv om brannførebyggjar ikkje har fått tilfredsstillande tilkomst eller av andre årsaker ikkje har fått utført feiing.

Er det fleire eldstader knytt til same røykløp vert fakturering fordelt likt mellom eigarane av eldstadene.

## § 8. Gebyrfritak

Kommunen kan etter skriftleg søknad gje fritak frå å betale gebyr. Føresetnaden for fritak er at det kan dokumenterast at det ikkje er montert eldstad eller at eldstaden ikkje kan brukast. Kommunen kan krevje kontroll.

Gebyrplikt fell bort frå første betalingstermin etter at kommunen har godkjent søknaden.

Eigar skal varsle kommunen straks dersom fyringsanlegget vert teke i bruk igjen.

## § 9. Klage

Klage på vedtak treft av heradsstyret kan settast fram skriftleg til sentral tilsynsmynde.

Klage på vedtak treft i medhald av denne forskriften kan settast fram skriftleg til Kvam brann og redning, for førebuing til klagehandsaming. Klage vert handsama av Kvam klagenemnd. Gebyr må betalast innan forfallsdato sjølv om gebyrvedtaket er påklaga.





Sakshandsaminga ved klagar følgjer føresegna gjeve i eller i medhald av brann- og eksplosjonsvernlova og lov 10.februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova).

Det er ikkje klagerett knytt til gebrysats som er fastsette i gebyrregulativ etter denne forskrifta.

#### **§ 10. Iverksetjing og oppheving av andre forskrifter**

Denne forskrifta vert sett i verk ved kunngjering.

Frå same dato vert forskrift 9. desember 2021 nr. 4007 om gebyr for tilsyn og feiing av fyringsanlegg, Kvam herad, Vestland, oppheva.

